

# Innhald

	Side
Innleiing .....	5
Norsk krigsinnsats på Island .....	7
Halvdan Kohts «nordhavspolitik» .....	8
Britiske vurderingar .....	14
Avslutning .....	17
English summary .....	19
Notar .....	21



## *Innleiing*

I islandsk historie representerer den andre verdskrigen to sentrale vendepunkt. I dei åra sette Island krona på det sjølvstendeverket som vart grunnlagt i 1918 gjennom den islandsk-danske avtalen om indre sjølvstyre for Island. Men før det hadde Island brote med artikkel 19 i avtalen, der Island hadde erklært sin permanente nøytralitet – ein permanens som altså berre fekk 23 års levetid.

Stort meir enn dette er neppe kjent i dei andre nordiske landa om Islands historie under den andre verdskrigen. Islandsk historie er ukjend mark utanfor Island. Det gjeld også krigsåra, trass i at Island då for alvor får sin sjølvstendige plass på verdskartet – både formelt, som ein sjølvstendig nasjon, og reelt, som eit strategisk brennpunkt i det atlantiske storsamfunnet.

Vår manglande kunnskap om islandsk historie reflekterer vel først og fremst ein lagnad som alle små språksamfunn har til felles. Språk skaper barrierer. Når det spesielt gjeld islandsk historie under andre verdskrigen må dessutan nordiske institusjonar for kulturelt samarbeid ta sin del av skulda: Då nokre norske historikarar for få år sidan søkte om støtte til publisering av Thor Whiteheads engelsk-språklege avhandling om Island under den andre verdskrigen<sup>1)</sup>, var det berre avslag å få.

Det var neppe tilfeldig at eit slikt initiativ kom frå norske historikarar. For gjennom dei fem åra frå 1940 til 1945 kom islandsk og norsk historie til å bli knytt saman på fleire punkt. Som dei einaste blant dei nordiske landa kom Norge og Island – om enn på ulik vis – alt i utgangspunktet til å knyte sin lagnad til «The Grand Alliance» og til alliansens siger over Hitler-Tyskland. Og det var for begge lands vedkomande ei tilknytning som peika framover, basert som den var på ei forseinka erkjening av stor-strategiske og storpolitiske realitetar. Før 1940 hadde både Island og Norge levt under illusjonen om ein trygg avstand frå internasjonal maktpolitikk – ein tryggleiksillusjon som for begge vedkomande kvilte på ein fortidsleivning: Trua på britisk sjømakt. Gudmundur Björnssons åtvaring til Alltinget i 1914, mot å setje større lit til den britiske flåten enn det britane sjølv gjorde, kunne med like stor rett ha vore adressert til nordmenn.<sup>2)</sup>

Slike meir langsiktige tryggingspolitiske perspektiv trong sjølv sagt tid for å modnast. I 1940 var det krigens harde realitet som stilte nye utfordringar både til Norge og Island. Islands lagnadstime kom med den britiske hærsetjinga av øya 10. mai 1940. Formelt og juridisk var

det ein regulær militær invasjon og okkupasjon, og eit massivt brot mot islandsk nøytralitet. Men alt same kvelden gjorde statsminister Hermann Jonasson det klart for det islandske folket at det ikkje var tale om ein fiendtleg okkupasjon, og at dei britiske styrkane skulle behandlast som gjester.<sup>3)</sup>

Då dette hende på Island hadde Norge alt i over ein måned ført ein forsvarskrig mot tyske invasjonsstyrkar, med britar, franskmenn og polakkar som Norges *de facto* allierte. Ein måned seinare kom Norges andre lagnadstime, då Kongen, regjeringa og mindre deler av den norske forsvarsmakta måtte forlate heimlandet og dra i eksil til Storbritannia. Sommaren 1940 tok så denne norske utefronten opp kampen på alliert side – og det er i denne samanhengen dei første banda blir knytte mellom norsk og islandsk krigshistorie.

Det er viktig å minne oss sjølve om at Storbritannia sommaren 1940 kjempa med ryggen mot veggen. Allierte, jamvel om det var små allierte, var derfor ein viktig ressurs både moralsk – som ein demonstrasjon av at britane ikkje stod åleine – og reelt i den grad dei små allierte hadde noko å setje inn i krigføringa. Norges krigsviktige innsats i alliansen var først og fremst den norske handelsflåten, som i perioder frakta nær halvparten av all den olje og bensin som måtte til for at Storbritannia kunne halde fram med krigføringa. Men den norske regjeringa i London var tidleg bestemt på å utnytte også det som fanst av militære ressursar – i første omgang dei delene av den norske marinen som hadde slutta seg til utefronten; i neste omgang det som kunne organisrast av hærstyrkar blant norske kvalfangarar og andre nordmenn som kom til Storbritannia; og i siste omgang norske flystyrkar straks personellet hadde fått den nødvendige utdanning.

For den norske militære innsatsen på utefronten kom to viktige prinsipp til å bli gjort gjeldande frå første stund: Innsatsen skulle være identifiserbar som norsk, jamvel om den naturleg nok måtte innordnast under britisk eller alliert overkommando. Det innebar at norsk personell berre unntaksvis skulle gå i britisk teneste på individuell basis. For det andre skulle krigstenesta så langt råd var tene som førebuing til frigjeringa av Norge.<sup>4)</sup> Konsekvensen av dette var ein konsentrasjon av den norske innsatsen til Dei britiske øyane og Nord-Atlanteren. Og i Nord-Atlanterhavet låg Island som eit strategisk kjernepunkt – ein viktig base.

## *Norsk krigsinnsats på Island*

Det formelle grunnlaget for eit norsk militært nærvære på Island vart lagt 12. august 1940, då marineløytnant E. Marstrander kom til Reykjavik og melde seg til teneste hos den britiske admiralen – Admiral Commanding Iceland – som norsk sambandsoffiser. Han avla deretter visitt hos Islands statsminister og utanriksminister. Desse vart informerte om at norske militære styresmakter planla å stasjonere norske patruljefartøy og ein skitropp frå hæren på Island. Alt før dette var det første norske marinefartøyet – skøyta «Vestfjord» – blitt stasjonert i Reykjavik, som forsyningsskip for ei rekkje kystvaktstasjonar langs den islandske kysten. Nokre av desse stasjonane fekk også norsk personell. Utover hausten voks den norske marinens Islandsavdeling til fire patruljefartøy, og under våren og sommaren 1941 kom nye tre fartøy til. Oppdraga veksla mellom konvoiering av kysttrafikken, minesveiping, og ekspedisjonar til den norske vakt- og vervarslingsstasjonen på Jan Mayen. Frå juli til september 1941 gjorde dessutan Marinens 4. motorlaunch-flotilje med sine 8 motorkanonbåtar teneste på Island, med stasjon i Reykjavik og på Vestmannaeyar. Men det synt seg snart at desse lette fartøya var lite eigna til operasjonar under islandske vertilhøve.<sup>5)</sup>

Det norske landmilitære nærveret på Island hadde sitt opphav i eit ønske frå den britiske hærsjefen på Island om ei skiavdeling som kunne gjere teneste som redningskorps og dessutan drive skiinstruksjon for britiske soldatar. Dei få norske frivillige som melde seg vart i førstninga organisert som ein spesialtropp under britisk jurisdiksjon, men vart kring årsskiftet 1940–41 etablert som ei avdeling av den norske hæren. Etter tilførsle av mannskap frå den norske brigaden i Skottland kunne den norske troppen mønstre om lag 60 mann, som fekk base ved Akureyri, og før neste årsskifte var avdelinga blitt eit kompani på kring 110 mann. Då var avdelinga også blitt hovudbase og mannskapsdepot for den norske vaktstyrken på Jan Mayen. Kompaniet vart ståande på Island til det vart tilbakeført til Skottland i juni 1944.<sup>6)</sup>

Det best kjende norske militære innslaget på Island under krigen er likevel den maritime flyskvadronen – 330 Norwegian Squadron – som vart etablert våren 1941. Dette var den første av dei fire norske flyskvadronane som gjorde krigsteneste på utefronten. Valet av Island som operasjonsfelt var i ein viss forstand tilfeldig, og hadde samanheng med flytypen – Northrop 3 PB. Dette var fly som var tinga av Marinens

Flyvåpen før krigen, men som ikkje var leveringsklare før den tyske invasjonen i Norge. Flya vart så leverte til det norske flyvåpen som var under oppbygging i Canada vinteren 1940–41. Fordi «Coastal Command» i det britiske «Royal Air Force» ikkje opererte med denne flytypen og derfor ikkje hadde reservedeler i Storbritannia, vart det bestemt at skvadronen skulle opprettast på Island for å forsterke overvakinga av konvoiruta over Nord-Atlanteren.

330-skvadronen med sine 18 fly og vel 200 mann var operasjonsklar frå basen i Fossvogur i utkanten av Reykjavik i juni 1941. Under sommaren 1941 etablerte så skvadronen underavdelingar i Akureyri på nordkysten og i Budareyri på austkysten, for overvaking av konvoiruta til Nord-Russland. Northrop-maskinen var eit flottørfly med relativt lang aksjonsradius og høg toppfart. Men med berre ein motor, og utan av-isingsutstyr, var flyet sårbart under vanskelege vertilhøve. Seks fly gjekk tapt vinteren og våren 1941–42 – to av dei av ukjend årsak under patruljering langt til havs. Sommaren 1942 vart skvadronen mellombels forsterka ved lån av fem Catalina to-motors amfibiefly med auka aksjonsradius og betre væpning, og mannskapsstyrken kom etter dette opp i over 400 mann.

Northrop-maskinens mange svake sider innebar at det berre var eit tidsspørsmål når flytypen måtte skiftast ut. Og før årsskiftet 1942–43 vart det avgjort at skvadronen skulle overførast til ein ny og større flytype – Sunderland flybåtar. Avdelinga avslutta derfor tenesta på Island, og var frå april 1943 operativ frå flybasen Oban på vestkysten av Skottland. Islandskapitlet i norsk luftkrigshistorie var dermed slutt. Gjennom vel eitt og eit halvt år hadde 330-skvadronen utført 246 ubåt-sveip, 379 konvoi-eskorte-operasjonar, 250 rekognoseringstokt, og 18 ambulanseflygingar.<sup>7)</sup>

## *Halvdan Kohts «nordhavspolitik»*

Vi nemnde innleiingsvis to årsaker til at Island vart operasjonsbasis for element av den norske militære utefronten: Ein innsats på Island tilfredsstilte eit norsk markeringsbehov, og klimaet og geografien gav dessutan eit visst grunnlag for å sjå på denne innsatsen, tilliks med den langt større innsatsen på dei britiske øyane, som ei førebuing til frigjeringa av Norge. Kan også andre og underliggende politiske motiv ha spela inn?

Britiske utanrikstenestemenn var ikkje fri for mistankar om at nordmennene kunne ha langsiktige politiske ambisjonar i det gamle norrøne området. Då det britiske flyvåpen-ministeriet i oktober 1940 nærmast for ordens skuld spurde Foreign Office om der var politiske innvendingar mot å stasjonere ein norsk flyskvadron på Island, fann tenestemennene i Northern Department at det var best å spørje sendemannen deira i Reykjavik om råd. Men svaret frå Howard Smith var at han såg ingen politiske innvendingar.<sup>8)</sup>

Mistankane i Foreign Office om norske imperialistiske ambisjonar var ikkje avgrensa til Island. Då utanriksminister Halvdan Koht like før sin avgang som statsråd hadde ein samtale med den britiske sendemannen Sir Cecil Dormer, kom han inn på den norske hærstyrken som var under oppbygging i Skottland. Den norske regjeringa ville gjerne at denne styrken fekk eit mest mogleg meiningsfylt krigsoppdrag. Koht spurde derfor om ikkje denne styrken kunne overta vakthaldet over Færøyane. Koht hadde stansa på Færøyane då han var undervegs frå Tromsø til Storbritannia i juni, og dei samtalar han då hadde med leiande menn hadde overtydd han om at norske militære ville vere velkomne der. Men Sir Cecil var mistenksam, og rapporterte til Foreign Office at Koht «evidently has his eyes on the Faroes.»<sup>9)</sup> Kohts forslag vart imidlertid stansa av det britiske hær-departementet som meinte at den norske hæravdelinga ikkje hadde nok trening til å påta seg eit så sjølvstendig ansvar.

Hadde tenestemennene i det britiske utanriksdepartementet noko grunnlag for sine mistankar? Dokumentasjonen som vi her har referert til gir ingen presise haldepunkt, utover ein referanse til utsegner i den tysk-kontrollerte kringkastinga i Oslo. Sir Cecil Dormers mistanke vedrørende Færøyane blir i det heile ikkje grunnlagt på annan måte enn at han fann det «evident» – innlysande. Vi kan likevel ikkje sjå bort frå at Sir Cecil kan ha hatt konkret informasjon om tankar som vi no veit var i omlaup i norske regjeringskrinsar i London hausten 1940.

Det er tvillaust at Kohts møte med framstående færøyingar – i særleg grad kongsbonden Joannes Patursson – i juni 1940 hadde gjort inntrykk på den norske utanriksministeren. Her ligg truleg bakgrunnen for at Koht, i eit internt regjeringsmemorandum om norsk alliansepolitikk i september 1940, legg vekt på at norsk krigsinnsats bør markere Norges posisjon i det nordaustlege Atlanterhavet, til dømes ved «at den norske flåten, såleis som han alt har gjort, tek på seg eit serleg vakthald på dei kantane, og kanskje med tida den norske hæren like eins kan bli nytta i

denne tenesta.» Koht avslører også ein klar skepsis til USA sine framtidige planar på Grønland. Meir konkret tok han til orde for at det burde være «sjølv sagt at når krigen er slutt, må Færøyane få høve til å velja om dei vil gå inn i det norske riket.»<sup>10)</sup>

Kohts omtanke for Grønland og Færøyane må sjølv sagt sjåast i samanheng med Danmarks stilling etter 9. april 1940: I praksis ein satelittstat under Tyskland, utan evne til å hevde eller forsvare sin suverenitet over dei danske koloniane i Nordaust-Atlanteren. Faren for at USA og Storbritannia skulle sikre seg ein langvarig kontroll over dei herrelause danske øyane kunne derfor synast overhengande – spesielt om ein som Koht rekna ein forhandlingsfred mellom Tyskland og Storbritannia som den mest sannsynlege utgang på krigen. I så fall burde innbygarane sine ønske bli avgjerande. Og om dei slo ut til fordel for Norge, så mykje desto betre.

Vi må såleis vere varsame med å leggje for mykje «imperialisme» inn i Kohts tankar sommaren og hausten 1940. Men reine strøttankar var det heller ikkje. I eit anna dokument frå Kohts hand, merka «strengt trumål» og med overskrifta «Norsk krigspolitikk», tok Koht opp i full breidd det han kalla «nordhavspolitikken vår».

Dette dokumentet, dagsett 17. oktober 1940, tek utgangspunkt i eit PM frå den norske presseattachéen i Washington, Tor Gjesdahl, om «Norsk forsvar av Island». Koht set her tiltaka for eit norsk militært nærvere på Island inn i ein større samanheng. Kohts PM opnar med å ta klar avstand frå dei ville ideane om attreisning av det gamle «Noregsveldet» som dei norske nazistane i det siste hadde teke til å utbreie. «Det er rein nasjonal usans å tala om slikt; det er ingen nasjonal tanke i å vinne att anna enn land der folket framleis er norskt, og jamvel der må folket sjølv få avgjera om det vil vera med i Noreg eller ikkje.» På den andre sida: «Men norske frendefolk bør vi hjelpe så langt vi kan både for vår eiga sak og for deira skuld».

Framleis var det Færøyane som stod i sentrum for Kohts interesse:

*«Færøyane er no heilt skilde frå Danmark, og når ein gong freden blir oppgjord, bør dei sjølve få avgjera om dei vil gå tilbake til Danmark eller gå i hop med noko anna land eller vera heilt sjølvstendige. Eg trur ikkje det er mange der på øyane som vågar tenke seg at dei kan greie seg utan samband med eit anna land, og da vil kanskje meiningane kløyve seg mellom tre land: Danmark, Noreg og Stor-Britannia. Men færingane ville visseleg då kjenne seg friast om det var norsk hærmakt som heldt*



*vakt på øyane. Og dessutan har eg den trua at om dei utigjennom krigstida hadde fått sjå nordmenn hos seg, ville brorkjensla vakne og styrkjast så dei vart meir huga på å velja Noreg.»*

Denne tvilsame teorien om militær proteksjonisme som stimulans for samkjensle la Koht også til grunn for sitt ønske om eit norsk militært nærvere på Island. Norske soldatar som etter kvart kom til Island skulle få merke noko anna: Knappt eitt år seinare kunne den norske sendemannen i Reykjavik fortelje at «norske militære var til å begynne med ytterst populære her, men ettersom der kom flere og flere norske hit, er stemningen blitt nokså kjølig.»<sup>11)</sup> Koht såg likevel eit vesentleg skilje mellom Færøyane og Island: «Men eg vil streka under at islendingane held sterkt fast på det nasjonale sjølvstendet sitt, og ein må ikkje koma der med noko slag planar om å binde Island til Noreg. Island er fritt, og må få vera fritt.»<sup>12)</sup> I forhold til Island var Kohts målsetjing derfor ikkje noko anna enn eit best mogleg samarbeid mellom to nærskyldte, men heilt sjølvstendige nasjonar.

Vi veit ikkje kven dette PMet vart sirkulert til, eller kva reaksjonar det gav opphav til – bortsett frå at ein anonym lesar, truleg i Utanriksdepartementet, har sett eit stort spørsmålsteikn ved det vi her har kalla ein tvilsam teori om samanhengen mellom militært nærvere og samkjensle. Tankane om ei færøyisk tilknytning til Norge, og om eit sjølvstendig Island i ei eller annan form for allianse med Norge, overlevde likevel Kohts avskil frå utanriksminister-posten seinhaustes 1940. Etterfølgjaren hans, Trygve Lie, skulle snart gjere seg til talsmann for tilsvarande idear – men då sett inn i ein meir systematisk alliansepolitisk og framtidsretta samanheng: Norsk Atlanterhavspolitik.

## *Island i norsk «Atlanterhavspolitik»*

Det tryggingpolitiske opplegget som den norske eksil-regjeringa i London utarbeidde gjennom dei to første krigsåra, og som har fått namnet «atlanterhavspolitikken», hadde ei dobbel målsetjing. Først og fremst skulle det gi grunnlag for eit nært og tillitsfullt samarbeid med Storbritannia, som igjen skulle setje den norske regjeringa best mogleg i stand til å ta vare på nasjonale interesser i krigsalliansen. For å oppnå dette måtte Norge klart signalisere eit brot med sin tradisjonelle

nøytralitets- og isolasjonspolitik til fordel for eit framtidig forpliktande freds- og tryggingpolitisk samarbeid. Men dessutan tilsa Norges eigen-interesse eit forsvarssamarbeid med stormakter som kunne hindre eit framtidig nytt 9. april-overfall.<sup>13)</sup>

Eit slikt opplegg vart Trygve Lies merkesak som ny norsk utanriksminister. Offentleg heldt han seg til relativt runde talemåtar om politisk og økonomisk samarbeid. Men i samtalar med britiske diplomatar kunne han vere svært så konkret. Og så tidleg som i januar 1941 skiserte han dette opplegget for Sir Cecil Dormer: «. . . . Storbritannia, USA og Norge . . . . skulle stå ansvarlege for sjø-, land- og luftforsvaret av Grønland, Island og Færøyane, ved å ha basar der. Island ville ønskje å bli sjølvstendig; Norge ville gjerne ha Færøyane; og både Storbritannia og USA burde ha forsvarsbasar i Norge . . . .»<sup>14)</sup>

Allmennt reagerte det britiske utanriksdepartementet klart positivt på denne nye retninga i norsk utanriks- og tryggingpolitikk. Her skal vi imidlertid konsentrere oss om forholdet til Færøyane og Island – og her var dei britiske reaksjonane langt meir skeptiske. I eit brev til det britiske admiraltetet med oppmoding om kommentarar sette Foreign Office eit særleg spørsmålsteikn ved det norske ønsket om Færøyane. Admiralty nøgde seg derimot med å peike på den store verdi det ville ha at så strategisk viktige område som Grønland, Island og Færøyane vart kontrollert av folk som var villige til å samarbeide med Storbritannia om sitt forsvar.

Utanriksminister Kohts tidlege interesse for eit godt tosidig forhold mellom Island og Norge hadde fått eit klart uttrykk då den norske regjeringa i august 1940 tilmelde minister August Esmarch som Norges «overordentlige og befullmektigede sendemann» til Island. Rett nok vart akkrediteringsbrevet etter ein god del tvil og diskusjon stila til «Kongen av Island og Danmark». Så lenge Island ikkje formelt hadde oppsagt unionsavtala med Island var jo Kongen av Danmark framleis det formelle statsoverhovud også for Island.<sup>15)</sup> Inntil Esmarch kunne nå fram til Island – via Sibir, Vladivostok og San Francisco – fungerte generalkonsul Bay som chargé d'affaires. I desember 1940 vart så Island det einaste nordiske landet med ein offisiell representant hos den norske eksil-regjeringa, då den islandske regjeringa sideakkrediterte sin chargé d'affaires i London som chargé d'affaires hos Norges regjering.

Den same reservasjonslause oppslutning om Islands marsj mot fullt sjølvstende stod Trygve Lie for då Island våren 1941 samla seg til ende-

leg oppseiing av unionstraktaten med Danmark. Minister Esmarch – som inntil 9. april 1940 hadde vore norsk sendemann i København og vel derfor hadde ei særleg forståing for danske synsmåtar – ønskte å spele ei slag meklarrolle mellom Danmark og Island i dette spørsmålet. Men i eit personleg brev til sendemannen avviste Trygve Lie ein slik tanke. Utanriksministerens syn var at Island var på rett veg og hadde «gjort det som er det beste for det islandske folk og for Islands framtid.» Han la heller ikkje skjul på at Islands sjølvstende høvde godt inn i Norges Atlanterhavspolitik. «For meg står det slik at det vil være lettere å få Island interessert i en militær sikkerhetsavtale når det er et fritt og selvstendig land», skreiv Lie, og heldt fram:

*Jeg ville, hvis jeg var Dem, derfor holde meg mest mulig utenfor det oppgjør som vil komme mellom Island og Danmark og la dem seg imellom ordne opp i forholdene. Jeg skulle anta at vi, når vi holdt oss mest mulig passiv, vil ha lettere for etterpå å komme i den best mulige kontakt både med Island og Danmark. Dette vil være best av hensyn til eventuelle forhandlinger om en avtale om sikkerhet for de nord-atlantiske land, så ikke Norge blir stående uten innflytelse også i islandske regjeringskretser, når den tid kommer da – som jeg håper – forhandlinger om en Nord-Atlanterhavspakt skal tas opp mellom Storbritannia, USA, Canada, Island, Norge og muligens Irland, og kanskje til og med noen av de andre skandinaviske land.»<sup>16)</sup>*

Det er klart at Trygve Lie her tenkte svært langt framover. Men også på kort sikt hyste den norske eksil-regjeringa ein sterk sympati for Islands sjølvstendestrev. Under ein lunsj for islandske representantar i London 11. juli 1941 gav statsminister Nygaardsvold uttrykk for dette. Han ønske Island tillykke med «den historiske avgjørelsen som er tatt i disse dager», men peika også på at Island og dei andre nordiske landa «kan ikke ta risikoen ved å stå alene som demokratiets høyborg etter dette Ragnarok. Vi må samarbeide med andre frihetselskende folk, i første rekke med de store demokratier som i dag under Storbritannias ledelse kjemper en kamp på liv og død mot diktaturmaktene.» Han helsa derfor velkommen den forsvarsavtala med USA som Island var i ferd med å inngå, og slutta med å spå at «Sagaøya i Atlanterhavet vil etter dette bli liggende som en bro mellom det beste i den gamle og den nye verden.»<sup>17)</sup>

I Norges forhold til dei nordiske landa stod derfor forholdet til Island

i ei særstilling. Forholdet fekk eit symbolsk uttrykk under 700-års dagen for Snorre Sturlasons død, som vart markert med ei stemne på Reykholt 22. september 1941. Der vart det lese opp eit helsingstelegram frå statsminister Nygaardsvold, etterfølgt av ein tale halden av minister Esmarch på islandsk. Utanfor programmet stod så professor Arni Pálsson fram med ein hyllingstale til sendemannen – som hadde tala på Snorres tungemål – og til Norge og nordmennene «som sluttet med leverop og stor begeistring.»<sup>18)</sup> Knappt eitt år seinare – i mai 1942 – vart særstillinga for det norsk-islandske sambandet ytterlegare understreka ved at chargé d'affaires Petur Benediktsson vart utnemnd til «overordentlig sendemann og befullmektiget minister» hos den norske regjeringa. Denne stillinga hadde han inntil han i januar 1944 vart Islands minister i Moskva. Då overtok den islandske utanriksråden, Stefan Thorvardsson, stillinga som sendemann hos den norske regjeringa.<sup>19)</sup>

## *Britiske vurderingar*

Under den norske regjerings vidare arbeid med Atlanterhavspolitikken, frå våren 1941, kom Island framleis til å ha ein viktig plass – av innlysende strategiske årsaker. Trygve Lies til då sterkaste framstøyt for planen kom hausten 1941, i eit foredrag for britiske utanrikspolitiske ekspertar ved Balliol College i Oxford. I omarbeidd form vart foredraget 14. november 1941 offentleggjort i sin stor artikkel i *The Times*. I foredraget – men ikkje i den publiserte versjonen – var Lie svært konkret:

*«What I would like to see would be an agreement on Eastern Atlantic defence between Britain, the U.S.A. and Canada, covering Greenland and Iceland. Norway would then wish to come in for the sake of her own defence . . . .»*

Trygve Lies fremste målsetting var sjølsagt å få Storbritannia interessert i tanken. Ideen fekk også etter kvart oppslutning blant fleire av dei mest framstående embetsmennene i det britiske utanriksdepartementet. Det som lenge heldt dei tilbake frå å gå inn i diskusjonen med den norske utanriksleiinga om planen, var omsynet til deira nye stormaktsallierte – Sovjetunionen. «Dette er nettopp den slags etterkrigs-

planlegging som Stalin er så ivrig etter å drøfte med oss, og om han skulle få greie på at vi – kanskje også Sambandsstatane – har slike drøftingar med nordmennene utan at han er informert, vil djevelen sjølv vere laus.» Slik kommenterte viseutanriksråd Sir Orme Sargent eit forslag frå embetsverket om å nemne planen for amerikanarane.

Situasjonen skulle endre seg på dette punktet etter utanriksminister Anthony Edens samtalar med Stalin i julehelga 1941. Stalin hadde då gitt uttrykk for at han – rettnok på ein del vilkår – ikkje ville ha noko å innvende mot eit vest-europeisk forsvarssamarbeid etter krigen, med til dømes britiske basar i Norge og Danmark. Straks over nyår 1942 kalla derfor Sir Orme Sargent saman til eit embetsmannsmøte i Foreign Office for å drøfte Trygve Lies plan. Møtereferatet gir uttrykk for ei klart positiv innstilling til Atlanterhavspolitikken hovudlinjer. Men embetsmennene såg også ein del problem som ville reise seg – ikkje minst i forhold til Island, og i forhold til Danmark med omsyn til Færøyane. I spørsmålet om Færøyane vart det vist til Churchills erklæring ved den britiske okkupasjonen av øyane 11. april 1940, som lova å føre Færøyane tilbake til den danske krona og det danske folket ved frigjeringa. Men embetsmennene peika på at dette var ei einsidig erklæring og ikkje ei formelt forpliktande internasjonal avtale. Det var derfor ikkje utenkeleg at Storbritannia kunne gjere denne erklæringa avhengig av ein aktiv dansk motstandspolitikk mot den tyske okkupasjonen. Det ville dessutan berre vere rett og rimeleg om Danmark fekk betale for si frigjering ved å stille til disposisjon dei basar og installasjonar som eit slikt internasjonalt tryggingssystem måtte få behov for. Det vart også «i forbifarten» nemnt at der fanst ei sjølvstenderørsle på Færøyane «som om nødvendig kunne oppmuntrast.»<sup>20)</sup>

I forhold til Island var situasjonen sjølv sagt annleis. Det britiske utanriksdepartementet var fullt på det rene med at både USA og Storbritannia formelt hadde forplikta seg til å dra sine styrkar tilbake, og hadde lova «to recognize the absolute independence and sovereignty of Iceland and to provide that it shall not be encroached upon by the terms of the peace treaty or in any other way, at the conclusion of the war.» Eventuelle baserettar etter krigen kunne derfor berre oppnåast gjennom forhandlingar med Island. Men embetsmennene i Foreign Office noterte seg at dei hadde inne eit forslag til USA om sams forhandlingar om «most-favoured-nation» rett til framtidig bruk av dei flybasane som no var under bygging på Island – og dette kunne eventuelt bli ei brekkstang.

Foreign Office konkluderte med at eventuelle framtidige forhandlingar med Island og Danmark om baserettar ikkje burde by på særlege politiske vanskar. Venteleg ville USA og Storbritannia ved krigsslutt vere «in the position to stand no nonsense from either of these Governments.»<sup>21)</sup>

Eit grunnleggande spørsmål stod likevel igjen: Ville Storbritannia ha behov for basar i desse områda etter krigen? Dette måtte bli opp til den militære sakkunnskapen å vurdere. Foreign Office bad derfor om ei utgreiing frå planstaben til den militære sjefsnemnda. Svaret kom i to omgangar – ein første rapport basert på omsynet til eit framtidig aggressivt Tyskland, og dernest – etter ny instruks frå Foreign Office – med tanke på Sovjetunionen som ein mogleg framtidig fiende. Under det første alternativet såg dei militære ein base på norsk område som sitt fremste behov. For ein eventuell konflikt med Sovjetunionen, derimot, ville det bli nødvendig med basar på Færøyane og Island for å kunne kontrollere «the Northern Approaches to the North Atlantic» – som var den tids terminologi for dagens «Greenland – Iceland – United Kingdom gap».<sup>22)</sup>

På denne bakgrunnen, og etter nye memoranda og drøftingar i Foreign Office, var det at utanriksminister Anthony Eden i oktober 1942 søkte å få si regjerings samtykke til å ta opp ein diskusjon med den amerikanske regjeringa på grunnlag av den norske regjerings Atlanterhavspolitik. Der kom han imidlertid ingen veg: Churchill hadde registrert tydelege signal om at USA ville sjå med djup skepsis på alle forsøk på å dra dei inn i eit regionalt alliansesystem etter tradisjonell europeisk maktbalansemodell. Rooseveltts alternativ, dersom Sambandsstatane i det heile skulle engasjere seg i internasjonal maktpolitikk etter krigen, var den globale freds- og tryggingorganisasjonen som alt var på teiknebordet: The United Nations.

## Avslutning

Vi veit ikkje om den norske regjeringa gjorde forsøk på å få islandske politikarar interesserte i Atlanterhavspolitikken. Sannsynlegvis gjorde dei det ikkje, i påvente av at Storbritannia og USA skulle gi grønt lys for drøftingar. Når så britane i oktober 1942 førebels vende tommelen ned for slike regionale framtidsprosjekt måtte saka leggest på is. Ein global fredsorganisasjon kom etter dette til å stå fremst på alliansens dagsorden for arbeidet med tryggingspolitiske etterkrigsproblem. Denne omprioriteringa kom klart til uttrykk også i norske utanrikspolitiske programerklæringar. I ein radiotale ved årsskiftet 1943–44, gjengitt i *Norsk Tidend* 19. januar 1944, sa Trygve Lie bl. a. dette: «Norges interesser ville være best tjent med en avtale som omfattet landene ved det nordlige Atlanterhav, under forutsetning av at den er underordnet en internasjonal organisasjon og var ledsaget av en utbygging av vårt gode forhold til Sovjet-Samveldet.»<sup>23)</sup>

Den norske regjeringa heldt såleis fast ved Atlanterhavspolitikken som det opplegget som – isolert sett – best svara til Norges framtidige tryggingsbehov. Dei storpolitiske konjunkturane tilsa imidlertid at saka måtte kvile inntil FN-prosjektet vart nærare avklara. Ei tilleggsårsak til at det ikkje var opportunt å arbeide for eit nord-atlantisk forsvarssamarbeid i krigen slutfase, var omsynet til Sovjetunionen som Norges framtidige grannestat og som eventuell deltakar i frigjeringa av norsk territorium. Men i interne memoranda og dokument levde tanken vidare – framleis med Island som eit viktig strategisk element. Sambandet mellom Norge og Island levde også vidare, trass i den gradvise nedtrappinga av det norske militære engasjementet i landet. Dei siste elementa av den norske 330-skvadronen forlet Island i april 1943, og samstundes vart det norske sjukehuset i Reykjavik nedlagt. Sommaren 1944 vart også Islandskompaniet av den norske hæren oppløyst. Det norske militære nærværet på Island var dermed redusert til Marinens stasjon med sine fem patruljefartøy, som vart ståande der til krigen var slutt i Europa.

Det nære politiske forholdet mellom Norge og Island fekk i 1944 si naturlege markering då Norge – ved sida av dei tre allierte stormaktene, Sverige, og den franske eksilregjeringa – var blant dei som straks godkjende Republikken Island då den vart etablert som suveren stat 17. juni 1944.<sup>24)</sup> Det kan også nemnast at då utanriksminister Trygve Lie var i Washington i mars 1943 vart han oppsøkt av Thor Thors, Islands

sendemann til USA, som gav uttrykk for Islands varme kjensler for Norge. Lie takka på si side for dei mange prov på Islands sympati for Norges kamp, og nemnde spesielt Alltinget si løyving på 350 000 islandske kroner til hjelpearbeidet for Norge. Tydeligvis har Lie også nytta høvet til å spørje sendemannen om Islands utanrikspolitiske framtidsplanar. Men ein rapport om Lies reise nøyer seg med å konstatere at sendemannen Thors «syntes å være nokså uklar når det gjaldt Islands utenrikspolitikk. På den ene side hevdet han at Island var nøytralt og ikke-krigførende, og på den annen side mente han at Island burde vært representert på de inter-allierte konferanser.»<sup>25)</sup>

Om denne korte setninga verkeleg reflekterte den islandske sendemannen sitt syn skal her vere usagt. Men i si komprimerte form kan eit slikt tvisyn minne sterkt om Norges desorientering då landet i 1905 debuterte som sjølvstendig aktør i internasjonal politikk. I det som er blitt ståande som hans programerklæring gav Norges første utanriksminister, Jørgen Løvland, uttrykk for ein klar sympati med dikteren Bjørnstjerne Bjørnsons kjende maksime om at Norge ikkje burde ha nokon utanrikspolitikk. Men han understreka samstundes at ei slik linje «krever aarvaagenhed, den krever paapasselighed, og den krever indflydelse.»<sup>26)</sup> Medverknad utan innblanding er eit naturleg ønske for ein usikker småstat i møte med ofte skremmende storpolitiske realitetar. Den andre verdskrigen stilte både Norge og Island overfor den realitet at deira område i storstrategisk samanheng ikkje var utmarker, men viktige brennpunkt. Norges svar på denne utfordringa – eit svar som den norske utanriksleiinga meinte var gyldig også for Island – var eit opplegg for eit forpliktande tryggingpolitisk samarbeid med dei store Atlanterhavsmaktene. Opplegget kom under krigen ikkje lenger enn til planstadiet. Dei første etterkrigsåra vart prega av mellomløysingar – for Islands del ein baseavtale med USA, og for Norges del eit funksjonelt militært samarbeid med Storbritannia. Men i 1949 melde utfordringa seg på ny, og då vart svaret for begge lands vedkomande medlemsskap i Atlanterhavspakta.



## ENGLISH SUMMARY

### *Iceland in Norwegian War Policy 1940–1945*

The history of Iceland is little known outside that country's borders. Even Icelandic history during the Second World War is unfamiliar terrain, despite the fact that the war years embrace two major turning-points for the nation: The completion of the process towards independence; and the first break with its declared permanent neutrality.

There are special reasons why Iceland's wartime history deserves particular attention from Norwegians. As the only Nordic countries, Iceland and Norway albeit in different ways came to link their destiny with the «Grand Alliance», a linkage whose long-term implication lay in a mutual but belated recognition of their strategic situation. In addition, armed forces raised by the Norwegian Government exiled in Britain were stationed in Iceland for most of the wartime period, contributing to the protection of the island and of the sea lines of communication.

The Norwegian military presence in Iceland was inaugurated by the Royal Norwegian Navy, which from the summer of 1940 operated some patrol vessels from a base in Reykjavik. For a short period during the summer of 1941 a Norwegian Motor Launch Flotilla also operated in Icelandic waters. By that time, a detachment of the Norwegian Army had become stationed in Akureyri, partly for the purpose of serving as ski instructors for the allied army units on the island. The mainstay of the Norwegian military presence in Iceland was however a squadron of maritime reconnaissance aircraft – 330 (N) Squadron, which from the summer of 1941 until January 1943 operated with Northrop 3 PB and Catalina aircraft from three Icelandic bases. The mission consisted of convoy escort, anti-submarine operations, and reconnaissance.

The stationing of Norwegian armed forces in Iceland was the result of a deliberate policy whereby the Norwegian Government sought to concentrate its necessarily modest military war effort in areas and on missions which could serve to prepare the forces for the liberation of the

home territory. It was also important to have the forces organised and employed as identifiably Norwegian contributions to the overall allied effort. Under the surface there also lurked the somewhat illusory idea that the presence of Norwegian military personnel in Iceland could strengthen Icelandic brotherly sentiments towards their ancient kith and kin.

The British Foreign Office was not beyond suspecting that the desire to station forces might indicate Norwegian imperialistic ambitions towards Iceland – ambitions which they correctly had surmised lay behind similar plans to station Norwegian forces in the Faeroes. In fact, however, the Norwegian Government was an early and consistent supporter of complete Icelandic independence. One major motive for this policy course had its roots in Norway's wartime advocacy of an Atlantic mutual security scheme for the postwar period.

This so-called «Atlantic policy» had two aims: First, to convince Britain that Norway had definitely broken with its neutral, isolationist past. Secondly, to persuade both Great Britain and the United States that their own vital interests required their active participation in a North Atlantic security system. The avowed main purpose of such a scheme would be to prevent future aggression by a resurgent Germany.

Iceland's important strategic location on the northern sea route between the United States and Europe made it an essential linkage point for such a defence system. There is, however, no evidence that the Norwegian Government actively sought to involve Icelandic leaders in the scheme. Presumably the Icelanders were in any case too preoccupied with their independence and internal affairs to wish to get involved in great power politics. And by 1944, when the independent Republic of Iceland was formally established, the plans for a global United Nations Organisation had displaced such regionalist ideas as the «Atlantic Policy» on the international agenda. However, the strategic position of both Iceland and Norway had become a fact of life for both countries. So when the challenge of the Cold War made its appearance, both countries became founding members of the Atlantic Alliance.

## Notar:

1. Thor Whitehead, upublisert avhandling, *Iceland in the Second World War 1939–1946*.
2. Benedikt Grøndal, *Iceland from Neutrality to NATO Membership* (Universitetsforlaget, Oslo 1971) s.17. For forestillinga om britisk flåtemakt i norsk nøytralitetspolitikk før 1940 sjå f eks O.Riste, «Frå Integritetstraktat til Atompolitikk: Det stormaktsgaranterte Norge 1905-1983», i R.Tamnes (red.), *Forsvarsstudier. Årbok for Forsvarshistorisk forskningscenter 1983-1984* (Tano, Oslo 1984).
3. B. Grøndal, *op.cit.*, s.30.
4. For den norske eksil-regjerings krigspolitikk sjå allment O.Riste, «*London-regjeringa*»: *Norge i krigsalliansen 1940-1945 I- II* (Det Norske Samlaget, Oslo 1973-1979).
5. Om Den norske marinen på Island sjå E.A.Steen, *Norges Sjøkrig*, bd.VII: *Marinens operasjoner i arktiske farvann og i Island, på Grønland, Jan Mayen og Svalbard* (Gyldendal, Oslo 1960), kap.4-5, 8, 10.
6. Om det norske kompaniet på Island kfr. Steen, *op.cit.*, og E. Fjærli, *Den norske hær i Storbritannia 1940–1945* Tanum-Norli, Oslo 1982) s. 211-4.
7. Om 330-skvadronen på Island sjå F.Meyer, *Hærens og Marinens Flyvåpen 1912-1945* (Gyldendal, Oslo 1973) s.213-234; og A. Steffen-Olsen, *Luftforsvarets/ Flyvåpnenes innsats under den andre verdenskrig: Marinens flyvåpen 1940, 330(N) Squadron 1941- 1945* (stens., Oslo 1984).
8. PRO (Public Record Office, London), FO 371/24838, N 7008/5670/30.
9. *Ibid.*, Dormers notat 20.11.1940.
10. UD (Utanriksdepartementets arkiv, Oslo) 34.1/19, Kohts «P.M. Visse utanrikspolitiske spørsmål», udatert, men konsipert 11-12 september 1940.
11. FD (Forsvarsdepartementets arkiv) mappe 631: «Utenriksdepartementet». Utenriksmelding nr. 98/1941, med utdrag av skriv frå sendemann Esmarch 15.7.1941.
12. UD 27.6/3, Kohts PM «Norsk krigspolitikk», 17.10.1940.
13. Om «atlanterhavspolitikken» generelt sjå O.Riste, «*London-regjeringa*», bd.1 kap.4 og bd.2,3.del.
14. PRO, FO 371/29421, N 214/87/30, Dormers notat 11.1.1941.
15. FD mappe 631: Utenriksmelding nr 67/41, London 30.6.1941. Om diskusjonen om adressat for akkrediteringsbrevet sjå Halvdan Koht, *For fred og fridom i krigstid* (Tiden, Oslo 1957) s.261.
16. Trygve Lie, *Med England i ildlinjen* (Tiden, Oslo 1956) s. 170–71.
17. *Ibid.*, s. 172–74. Trygve Lie daterer i sine memoarar denne lunsjen til 11. juni, noko som rimelegvis må vere trykkfeil for juli. USAs overtaking av forsvaret av Island vart først kunngjort 7. juli 1941, same dag som amerikanske styrkar gjekk i land. Kfr. Elfar Loftsson, *Island i Nato* (Gøteborg 1981) s. 131.
18. FD 631, «Utenriksdepartementet». Utenriksmelding nr.124/1941.
19. Stortinget, *Den norske regjerings virksomhet fra 9. april 1940 til 22. juni 1945: Departementets meldinger*. Bd. I s . 49. (Oslo 1958.)
20. PRO, FO 371/32832, N 518/463/30, udatert møtereferat frå januar 1942.
21. *Ibid.*, s.4.
22. PRO, Cab 84/44, J. P. (42) 354 og 432 (O) Draft.
23. *Norsk Tidend* 19. januar 1944. Omprioriteringa er fylldig analysert i O. Riste, «*London-regjeringa*» II s. 306-14.

24. Sólrún B. Jensdóttir Hardarson, «The 'Republic of Iceland' 1940-44: Anglo-American attitudes and influences». *Journal of Contemporary History* Vol.9 No.4, oktober 1974.
25. Udatert oversikt over Trygve Lies reise til Amerika, i vedlegg til ein rapport til heimefrontleiinga frå Lie 4.juni 1943, trykt i *Regjeringen og Hjemmefronten under krigen: Aktstykker utgitt av Stortinget* (Oslo 1948) s.232-37.
26. *Stortingsforhandlinger* 1905-06, bd.7a s.45-6.